



Notat

Dato: 31.03.2017
Arkivsak: 2016/3968-4
Saksbehandlar: rutornh

Til: Svein Leidulf Heggheim

Frå: Ruth Ørnholt og Anne Haugen Pihl

Opptopping av skulebibliotekarressurs

Eg viser til møte 21.februar med drøfting av Strategi for utvikling av skulebibliotek (2017 – 2020), som blei vedtatt av fylkestinget i desember 2016. Eit av tiltaka i planen er å sikre at alle skular har fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen. Den estimerte kostnaden for dette er ca. 7 mill. kr over ein 5-årsperiode.

For å få til ei rettferdig fordeling av stillingar er følgjande retningslinjer for stillingsstorleik lagt til grunn:

ELEV TAL	STILLINGSSTORLEIK
- 300 elevar	50% stilling
300 – 500 elevar	100% stilling
500 – 800 elevar	150% stilling
800 - elevar	200%stilling

I Hordaland hadde vi hausten 2016 16,5 årsverk med fagutdanna bibliotekar. Nyttar ein tabellen over konservativt, er det trong for 32 stillingar, dvs. at ein manglar 15,5 årsverk. For å rette opp dei største forskjellane, anbefaler vi 7 nye årsverk fram til 2020.

Kostnad

ÅR	BUDSJETT
2018	Kr 1 460 000
2019	Kr 1 425 000
2020	Kr 1 750 000
SUM	Kr 4 635 000

Merknad for 2017-budsjettet:

Hausten 2017 blir Øystese gymnas og Norheimsund vgs ei administrativ eining. Det er varsla å halvere bibliotekarstillingane på skulane (to stillingar á 50%) til ei stilling på 50%. Det er i dag ein fagutdanna bibliotekar som har begge stillingane. Skulane skal fysisk skal halde til i dei gamle bygga, og elevtalet er det same. Det er uheldig at to godt fungerande skulebibliotek med etablerte tenester, blir redusert. Vi tilrår at stillinga blir oppretthaldt i 100%. Kostnaden er om lag kr 290 000.

Prioritert skular

Det er mange omsyn å ta når ein skal prioritere auka bemanning. Vi ønskjer å prioritere dei største skulane, som ikkje har fått fagutdanna bibliotekar, eller som er underbemanna. Samstundes er det viktig at nye og ombygde skular med gode biblioteklokale, får fagutdanna ressurs.

Ut frå skulebibliotekkoordinatoren sin kunnskap om skulebiblioteka og korleis dei fungerer, har vi kome fram til prioriteringslista under. Det er sjølvstendig mogleg å diskutere prioriteringa, men det er viktig å kome i gang med opptrapping i neste års budsjett. Det må takast atterhald om bibliotekarar som sluttar, eller søker seg over på andre skular undervegs.

	TID	SKULE	BEHOV	KOSTNAD
1	2018	Nye Voss vgs/Nye Voss Gymnas	Ny 100% stilling	585 000*
2	2018	Sandsli	Ny 100% stilling	585 000
3	2018	Fusa vgs	Ny 50% stilling	290 000
4	2019	Årstad vgs/Laksevåg vgs	60% stilling (fylle vakant 100%-stilling)	315 000
5	2019	Nordahl Grieg vgs	Ny 100%-stilling	525 000
6	2019	Slåtthaug	Ny 100% stilling	585 000
7	2020	Nye Åsane vgs	To nye 100%-stillinger	1 170 000
8	2020	Bergen Katedralskole	Ny 50% stilling	290 000
9	2020	Laksevåg vgs.	Ny 50% stilling	290 000
			7, 1stillinger - sum	4 635.000

*Med utgangspunkt i ei årsløn på 450.000 brutto vil ei 100%-stilling komme på om lag 585.000 (gjeld tilsette med bibliotekarutdanning, ikkje lærarar som fungerer som skulebibliotekansvarlege).

Merknader:

1. Nye Voss vgs og Nye Voss Gymnas med nærare 100 elevar til saman, deler ein 100% bibliotekarstilling, i tillegg til assistentstilling i 10%. Ei heil bibliotekarstilling på kvar av skulane er ønskeleg.
2. Sandsli vgs har ønskt seg ein skulebibliotekar i lang tid. Der er det no to personar som deler ei 40% stilling, ingen har utdanning som skulebibliotekar. Skulen med om lag 550 elevar bør minst ha 100% stilling.
3. Fusa vgs har ingen personar tilknytt biblioteket, bortsett frå ein IKT-tilsett som har ansvar for læremiddel-utlån. Elevtal 288.
4. Ei stilling delt mellom Årstad vgs og Laksevåg vgs står fortsatt ubemanna – det utgjør 40% på Årstad vgs og 60% på Laksevåg. Elevtal på dei to skulane er hhv 862 og 727.
5. Nordahl Grieg vgs har uttrykt ønske om ei stilling ekstra. Sjølv om det er ein assistent der i tillegg til ein bibliotekar i 100%, er det avgrensa kor mykje ho kan vere til hjelp, sidan ho er døv. Elevtal 919.
7. Nye Åsane vgs er planlagt opna i 2020, med eit elevtal på over 1000 (opp mot 1600 om ein reknar med vaksenelevar). Det kjem ingen bibliotekarstillingar frå Åsane vgs eller Lønborg vgs. Biblioteket på skulen er planlagt som eit kombinasjonsbibliotek saman med Bergen Off. Bibliotek sin filial i Åsane. Den beste løysinga for bemanning av skulebiblioteket er å kjøpe bibliotekartenester av Bergen kommune. Ein samarbeidsavtale om dette vil bli utarbeida i 2017.

Kopi til:

Per Morten Ekerhovd
Hillevi Elizabeth Runshaug
Helene Systad
Sissel Øverdal

